



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
19 72

Navnet på vatnet Hovravatnet  
Kommune ..... Suldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-  
liner og i nært samarbeid med Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr  
Øyvind Vasshaug.

## L O V R A V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 28 august 1972.

Vatnet ligg i Suldal kommune, på vestsida av riksvegen mellom Erfjord og Sand, og grensar i nord mot Jelsavegen og Lovreid.

Arealet er snaut 100 ha. og h.o.h. 0-1 m.

Då vatnet er såpass stort, vil djupnetilhøva vera vekslande, men stort sett må vatnet karakteriserast som grunt og der største djup neppe er over ca. 20 m.

Stranda består for ein del av stein og fjell, men og noko sandstrand på sine stader. Gjørmebotn dominererar.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, nøkkerosar, siv - og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbete, skogsmark og snaufjell. Der veks både barskog og lauvskog i nedslagsfeltet.

Hovudtilsiget fell inn i sør og kjem frå Føljesvollvatnet, men elles fell der inn større og mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går til Lovrafjorden.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.4 som nærmast er ideelt for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 2.3 mg/l og den totale hardheita 7.5 mg/l. Dette er bra om ein samanliknar med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 95.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt ikkje særleg stor.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 7.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 27 muslingar, 1 fåbørstemark, 1 ringorm, 6 fjærmygglarver, 2 vannmidd, 1 døgnflugelarve og 1 vannkalvlarve - ialt 390 individ pr.  $\text{m}^2$ .

5.0 meteren gav som resultat 13 muslingar eller samla 130 individ pr.  $m^2$ .

På 7.0 m vart det funne 8 muslingar, 4 stikkmygglarver og 2 fjærmygglarver - i alt 140 individ pr.  $m^2$ .

Samla resultat syner at der er heller lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne vannkjær, edderkopp, maur, døgnflugelarver, vårflugelarver, steinflugelarver, myggpupper og div. luftinnsekter. Ein ganske allsidig meny.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m med planktonhov og resultatet var ein relativt rik prøve.

#### Fisk m. v.


Fylgjande fiskestag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvassaure, røyr, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 27 ferskvassaurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framstillinga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var der 11 hanfiskar og 16 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

10 av fiskane var røde, 8 lys-røde og 9 kvite i fiskekjøttet.

17 av prøvefiskane var meir eller mindre angripne av parasittar (måkemark).

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,9	10,9	16,9	22,0	25,1	30,4
Årleg lengdetilvekst i cm	4,9	6,0	6,0	5,1	3,1	5,3
Antall fiskar	27	27	27	26	17	2


Medel kondisjonsfaktor = 1,03 tilseier fisk av god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Lovravatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år)

Som vi her vil sjå, syner fisken i Lovravatnet ein god lengdetilvekst og kryssar normalkurven ved 5 års alder. Rett nok gjer kurven

her eit oppsving fram til 6 år, men då det berre er ein fisk som er årsak til dette, er det grunn til å tru at den forlenga lina på kurven frå 5 år av er meir representativ for fisken i vatnet.

Fisken går mot ei maksimallengd på snaut 30 cm, men det er berre få fisker som når opp i denne storleiken. Sjølvsagt vil der finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.



### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Lovravatnet er eit relativt næringsrikt vatn og der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er gode og botnprøvene saman med plankton-prøven syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, fortel at småfisken dominerer litt for mykje i vatnet i dag.

Vekstkurven er god og først ved 5 års alder vil truleg normal-kurven bli kryssa.

Når tilhøva er såpass gode i Lovravatnet kjem dette av at nedslagsfeltet for ein stor del består av dyrka mark, kulturbeiter m.v., slik at tilsiga herfrå vil føre mykje verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Den fiskinga som årleg har vorte foreteken har og dratt i positiv lei ved å halde fiskebestandet i sjakk.

Ser vi på auren vi fekk, var desse fine å sjå til, men då dei vart åpna syntet det seg at ein stor del av fiskane var angripne av parasittar (måkemark). Dette er lite tiltalande så ein må gjere det ein kan for å få redusert måkemarken.

I vatn der det er godt samsvar mellom fiskebestand og næringsforråd vil parasittane for ein stor del forsvinne av seg sjølv, så ein må anta at fiskebestandet i Lovravatnet i dag er i overkant av vatnet si bæremenne.

Etter det vi har fått opplyst skal der vera røy i Lovravatnet utan at det lukkast oss å få ein einaste røy under prøgefisket. Det var forsåvidt ikkje så rart, då røyra på denne årstid held til i dei djupare vasslaga, og først kjem inn på grunnare vatn ved gyte-tider seinhaustes.

Gytetilhøva for aure er ideelle i bekken som kjem frå Føljesvollvatnet så det er i denne bekken rekrutteringa foregår.

### Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag for vatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Eit anna viktig tiltak er å prøve å få bort måkemarken då denne reduserar fiskekvalitetten ganske vesentleg.

Ein må her drive ei noko hard utfisking i eit par år framover og gjerne om hausten i samband med gyttetid og mørke lange netter. Det er den større fisken som er sterkest angripen av måkemark, då småfisken mindre ernærer seg av stingsild får den heller ikkje måkemark i seg. Ved å ta gytefisken vil ein såleis få dei mest infiserte fiskane ut av vatnet. Men dette er ikkje nok. Ein må prøve å halde måken borte frå vatnet og det er ikkje alltid så lett. Nå skal vi hugse på, at det er den måken som har fast tilhald ved vatnet som er den mest farlege. Dette er då gjerne måkar som hekkar i nærleiken. Måke som kjem ein snarvisitt inn frå sjøen er meir ufarleg.

**1. KJØP INN 5-6 GARN AV HØVANDE MASKESTORLEIK OG FISK UT GYTEFISKEN I EIT PAR ÅR FRAMOVER. PRØV OG REDUSER DEN MÅKESTAMMEN SOM MÅTTE HA FAST TILHALD VED VATNET.**

Ein annan viktig ting i denne samanhengen er at ein alltid grev fiskeslo og anna avfall forsvarleg ned, slik at korkje husdyr (katt) eller fugl får tak i dette.

**2. GRAV ALLTID NED FISKESLO OG ANNA FISKEAVFALL.**

Då der er røyrløkka i vatnet, og vi veit at denne har stor formeringsemne, må ein lokalisere gyteplassane og drive eit hardt garnfiske her. Det syner seg ofte, at der røyrløkka og aure er i blanding i eit vatn, så er det røyra som på lengre sikt blir dominerande. Dette ser ikkje ut til å vera tilfelle i Lovravatnet i dag.

Sjøauren er ein verdfull fisk og under flaumar vil den kunna gå opp i Lovravatnet slik tilhøva er i dag. Ein må likevel anta at det er minimalt med sjøaure som går opp i Lovravatnet. Kor vidt det har noko for seg å prøve å betre tilhøva for sjøauren får bli opp til grunneigarane å bestemma.

Ålen er ein godt betalt matfisk som grunneigarane må nyttigjera seg. Det er sikkert ikkje lite ål som årleg forlet vassdraget og som ein, ved å montere ei ruse i utlaupsbekken, ville kunne fanga. Vi veit det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

**3. SETT OPP EI ÅLEMER I AVLAUPSBEKKEN OG GJER DYKK NYTTE AV UTGANGSÅLEN.**

Ved å gjennomføre dei tiltaka som her er peika på, skulle ein få fram eit førsteklasses fiskebestand i Lovravatnet. Etter 4-5 år bør det takast ein ny analyse.

Når grunneigarlaget er etablert, må ein straks gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske og det er sikkert mange som vil prøve fiskelukka nettopp i Lovravatnet.

Stavanger 20.mars 1973

Einar Berg